




Her er to alternativ for interessante fotturar, som kan kombinerast om ein ynskjer det.

Two alternative walks for country lovers - or why not try both?



Oppgangssaga i Herand.



Eldhuset på Vassel.

Rute og ymse av interesse

Alt. 1.

Terrang: Bygdeveg, sti, lett stigning.
Tid: Ca. 1 - 1 1/2 time.

Vi parkerer bilen ved Herand båthamn/rasteplass (1). Her er gode service-tilbod og ei triveleg gjestehamn. Legg merke til gamle trehusmiljø og sjøbod, som vitnar om Herand si tid som stad for båtbygging og sjøfart.

Etter ein kort spasertur langs Rv550 mot Utne, finn vi eit elvemiljø med Tveiti oppgangssaga (2) ved elva bak Aqua Farms. Tveiti oppgangssaga er ei fleirblada oppgangssaga som har røtter attende til 1700 talet. Saga er ei av dei som har vore lengst i drift i Noreg og er no restaurert og freda. Men det er framleis mogeleg å skjera opptil elleve bord på saga. Materialet har mest vore nytta til trebåtbygging.

Vidare kan vi spasera langs elva opp til brua. Denne steinbrua (3) er bygd etter gamal byggeteknikk og utan bruk av anna enn stor stein. Litt lenger oppe på denne stien finn vi murrestar ved elva etter ein gamal vaskeplass, som garden Tveiten har nytta. Litt lenger opp ligg kvernhuset (4) som og tilhøyrer garden. Her vart kornet malt i kverna ved hjelp av vatnkraft.

Attende på Rv550 spaserer vi vidare oppover vegen og får etterkvart fin utsikt over vakre Herandsbygda, som ligg spreidd mellom grønne bakkar og Hardangerfjorden. Ved innkøyringa til Herand skule står ein minne-bauta over falne i fyrste verdskrig. Ein kan og sjå Herandsholmen som ligg ute i fjorden. På Herandsholmen ligg ein av dei fyrste gjestgjevar-stadene i Hardanger frå 1700 talet.

Vi vil snart oppdaga ein liten grøn og idyllisk hage på venstre side av vegen, som er skilta med helleristingar. Kalhagen på Bakke (5) har helleristingar frå bronsealderen (1800-500 f.Kr.) med heile 23 meneskefigurar. Mariskarvet er kjend for sine særeigne helleristingar av båtar og mennesker. Nokre av restingane her er svært sjeldne og finnst ingen andre stader på vestlandet. Det er eige informasjonstavle på staden som fortel meir om helleristingane.

Route and places of interest

Alternative 1:

Terrain: Country road, footpath, slight incline.
Time: 1 - 1.5 hours.

Park at the Herand boat-place/lay-by. (1) Good services and a pleasant harbour. Don't miss the old wooden buildings and boathouse that bear witness of Herand's history of boat building and seafaring.

After a short stroll along Rv.550 towards Utne you will find a river environment and the Tveiten Saw (2), by the river behind Aqua Farms. This old reciprocating saw has roots back to the 1700's. One of the oldest of its type used in Norway and now restored and preserved for posterity. It is still possible to cut 11 planks on the saw. Production was in the main used for boat building.

Walk further along the river bank to the bridge. The stone bridge (3) is constructed using traditional dry-walling methods of large stones. A little further along the path you will find the remains of old walls from an old laundry site that was used by the Tveiten Farm. A little further and you come across the mill-house (4), also farm property. The grain was milled by water power.

Back on Rv.550, carry on up the road and enjoy the beautiful view of Herandsbygda, spread out between green hills and the Hardangerfjord. A memorial over the fallen of World War I can be found at the entrance to Herand School. You can also see Herand Islet, out in the fjord. One of the first (from the 1700's) guesthouses in Hardanger can be found on the islet.

You will soon see an idyllic little garden on the left hand side of the road. The garden is signposted with rock carvings. The garden - Kalhagen - at Bakke (5) boasts bronze age (1800 - 500 BC) rock carvings of 23 human figures. Mariskarvet is known for its seldom rock carvings of people and boats. Some of the motives are extremely rare and are only to be found here. Check the tourist information board at the site for more details.



Vidare langs Rv550 tek vi av ved skiltet inn til Vassel. Vi går langs Herandsvatnet som i si tid var demt opp med røyrgate ned til det fyrste elverket i Jondal frå 1914. Ein kan ved enden av vatnet sjå restar etter demningshus og røyrgate. Vi kjem opp til garden Vassel, ein gard som vil satsa på både kultur og turisme.

Vidare: Sjå Alt. II.

Alt. II.

Terreng: Gardsveg og sti, kupert.

Tid: Ca. 1 time.

Vi svingar av frå Rv550 ved Herandsvatnet og parkerer på Vassel. Eigarane, Håvik, driv Vassel Hytter og Camping, i tillegg til gardsbruk. Garden ligg ned mot Herandsvatnet med Kalvafossen på andre sida av bygda.

På Vassel ligg det største eldhuset (6) i Hardanger. Det er eit nybygg frå 1995 sett opp i stein frå hellebrotet på Solesnes etter gamal byggeskikk og handverkstradisjon. Eldhuset har sitjeplass til 50 gjester og vert nytta til servering av rjomegraut og spekemat, ølbrygging, krotakake- og lefse-baking. Ølet vert brygga av korn etter gamal skikk og bør smakast!

Frå eldhuset fylgjer vi skilta gardsveg vidare innover frodige beiter, heile tida med fin utsikt over Herandsbygda. Der gardsvegen sluttar er det skilta ein bratt sti opp til venstre til Mannabuheldren (7). Denne heldren har vorte til ved at hardare bergarter heng att oppe, medan den mjuke fyltten under har forvittra. Namnet kan ha noko med at ein antar det budde folk her under bronsealderen, kanskje tidlegare og. Elles har heldren gjeve ly til vegfarande og dyr gjennom tidene. Her er fint å ta seg ein liten pause.

Stien fortset nedover mot Vassel under det særmerkte berget, men det er og mogeleg å ta seg ein kort avstikkar opp til Melsvegen (8). Den raude fargen i berget er kobber, og det vart på 1700 talet teke ut kobber og seinare svovelkis frå Mælsfjellet.

Like nedanfor Mannabuheldren er det skilta til Gygrasteinen (9) mellom/ under store steinar. Gygra er ei trollkjerring, og steinen ber preg av at ho har prøvd å bera steinen på ryggen. Kanskje har ho lagt steinen ifrå seg nett her. Slike jettegryter vert danna ved at vatn og småstein gjennom tid lagar gropar i fjell og stein gjennom ein sirkelliknande sliping. Jettegrytene får ofte finslipte og avrunda kantar og vert store hol i berget.

Når vi kjem opp på stien att, fylgjer vi den vidare nedover. Legg merke til den frodige edellauvskogen, særmerkt vegetasjon og blomar, som t.d. raude og gule orkidear, som veks i næringsrik fyltittjord. Langs stien kan vi sjå at dei større heldrane under berget har vore gode tørke- og oppbevaringsstader for ved. Langs stien er det fleire gode utsiktspunkt og det er mogeleg å sjå heilt ned i hamnebassenget i Herand, Herandsholmen og snøkvite fjelltoppar på andre sida av fjorden.

På siste del av turen passerer vi den gamle vårfloren (10), der kyrne tidlegare vart mjølka den tid dei gjekk på beite om våren. Framleis går dyr på beite på dei grønne bakkane på Vassel. Attende på garden kan vi leige båt og fiska i Herandsvatnet, nytta overnattingstilbod eller berre vera ein del av eit levande gardsmiljø.

Carry on along Rv550 and turn off to Vassel. Walk along Herandsvatnet (the lake), once dammed and piped down to the first generating plant in Jondal (1914). You can still see the remains of the dam house and the pipes at the end of the lake. You will now be at the Vassel Farm, a local centre of culture and tourism.

Further: See alternative II.

Alternative II:

Terrain: Farm road and footpath, hilly.

Time: Around 1 hour

Turn off Rv.550 at Herandsvatnet and park at Vassel. The owners, the Håviks, run Vassel Cabins and Camping as well as running a farm. The farm lies near Herandsvatnet, close to Kalvafossen, on the other side of the hamlet.

The largest furnace house in Hardanger (6) is in Vassel. Its a modern building, built by hand in 1995 using traditional methods from stone quarried at Solesnes. The furnace house seats 50 guests and sour cream porridge together with dried salted meat is served here. Try the specialities, krotakake and lefse - not to mention the home brewed beer!

Leaving the furnace house, follow the signposted farm road through lush green pastures while enjoying the views of Herandsbygda. At the end of the farm road there is a signposted steep path up to the left to Mannabuheldren (7). This heldre (overhang) was formed when the harder rocks at the top remained in place while the softer phyllite at the base eroded. The name may have something to do with the belief that there was a settlement her in the bronze age - and maybe even earlier. The overhang has provided shelter for travellers and animals for many centuries. Why not take a break here?.

The path carries on down towards Vassel down the side of the mountain, but you may also like to take a short walk up to Melsvegen (8). The red hue in the rocks is copper, which was still being mined in the 1700's - pyrite was mined here later.

Just below the Mannabuheldren follow the signposts Gygrasteinen (9) through and under giant stones. Gygra is a mythical female Troll and the stones show the marks from when she tried to carry them on her back.... maybe you're standing next to one she's just put down. The potholes you see in the rock bed are formed by the action of thousands of years of rainwater moving small stones in a circular action that grinds away the rock, often leaving a smooth face. Some of the pot holes can be several metres in diameter.

Once back on the footpath, carry on down, enjoying the rich deciduous woods and the unique flora, for example red and yellow orchids thriving in the rich phyllite soil. Along the footpath you will walk under large overhangs that have served as first class drying and storage places for logs through the years. There are many wonderful viewpoints along the trail, and you can see straight down into Herand Harbour in some places. Take in the beautiful views of Herandsholmen and the snow clad mountains across the fjord.

The last stretch of the walk takes you past the old spring cattle sheds (10), where the cows were milked when they were put out to graze in the spring. Grazing still takes place in Vassel's green pastures. Back at the farm, you can rent a boat and go fishing in Herandsvatnet, stay overnight or just steep yourself in the atmosphere of a living farm environment.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.